

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Judith Eknes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1745 - 17/16637

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

07.06.2017

SVAR ANG. VURDERING OM GASS KJEM INN I BUSTAD

Judith Eknes kontakta Meland kommune om mistanke om at det kjem inn gass (H₂S) frå kommunalt anlegg inn i huset hennar.

Den 6.10.16 utførte Meland kommune ved Harry Finseth (rådgjever kommunalteknisk anlegg) og Grethe Elin Mjelde (teknisk-hygienisk ingeniør ved Miljøretta helsevern) ei synfaring i huset og på eigedomen.

➤ Historikk

Meland kommune bygde nytt kloakkanlegg på Landsvik i 2012, med kommunal slamavskiljar og utslepp til sjø. Kommunen fekk etter tilknytning klagar frå 2 hus om luktplager. Asplan Viak vart engasjert for å undersøkje det kommunale anlegget. Dei fann ingen feil.

Det vart utført røyktest og det vart avdekka store lekkasjar på 2 private anlegg innomhus.

Det vart 22.6.16 funne tilsvarande feil i huset til Judith. Desse vart reparert, og ny røyktest 29.9.16 synte at anlegget hennar var fritt for lekkasjar.

Harry Finseth har påpeikt at det vart oppdaga ved TV-inspeksjon at privat anlegg var i særskild dårlig forfatning, og at Judith Eknes måtte reklamere på sitt anlegg som var montert på same tid som det kommunale anlegget.

➤ Vurdering

Judith Eknes påpeiker at lukta/gassen kjem på bestemte tider av døgnet (tidsinnstilt).

Opplysning frå Meland kommune er at pumpestasjonens start og stopp er i forhold til nivå i pumpeump, og er ikkje tidsinnstilt. Tidspunkt vil difor variere mykje.

Det vart ikkje registrert H₂S-gass inni huset, eller målbare verdiar utanfor huset ved synfaring 6.10.16.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

Når det gjeld muggsopp i huset, så har teknisk- hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde nesten 20 års erfaring på dette området. Muggsopp kan lokaliserast ved lukt og synbarhet, og må ikkje alltid målast/dyrkast.

➤ **Oppsummering**

Meland kommune har vore imøtekommande og løysningsorientert. Kommunen har bestilt og betalt TV-inspeksjon og røyktesting 2 gonger. Justert intervall på pumpestasjon for å unngå for lang opphaldstid i pumpeleidning. Utført synfaring og måling av H₂S.

Slik kommunen ser det, er det ingenting som tilseier at det kjem H₂S gass inn i bustaden frå kommunalt anlegg, og kan derfor ikkje sjå at dette er ei kommunal sak.

Når det gjeld helseplagar som opplevast, anbefalast det å ta dette opp med fastlegen.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harry Finseth

Meland kommune

- Plan, utbygging og kommunalteknikk